



Harpefossen

Furuhogane til Steinane

4 km

Tur nr. 15

www.harpefossen.no/turar



2 t (t/r)

Frå vinterferien til påske er det køyrt opp skiløype med trakkemaskin, men turen går i høgfjellet og du bør vere utrusta i forhold til vêr og føre, og vurdere både fjellski og utstyr i forhold til dårlig vêr.

Stikryss

Furuhogane – Kjenndalsheisen – Kjenndalsvatnet sør – Kjenndalshytta – Kjenndalsvatnet nord – Kringlevatnet - Steinegga

Turbeskriving

Parkering er på Furuhogane på toppen av hyttegrenda. Det er også mogleg å parkere på Harpefossen og gå på ski opp Høgebakkløypa til skianlegget på Furuhogane (2 km). Dersom ein skal ta skitrekket opp til Kjenndalen må ein hugse på å kjøpe billett i billettbuda nede på Harpefossen. Alternativet til å ta skitrekket (1,3 km) er å gå på ski i utkanten av alpinløypa. Løypa til høgre for trekket (Kjenndalsløypa) er slakast og egnar seg best for langrennsski. Frå toppen av trekket fylgjer ein oppkjørt spor innover på austsida av Kjenndalsvatnet til nordenden av vatnet (1,2 km). Her tek ein nordvest gjennom skaret til ein kjem opp til sørvestenden av Kringlevatnet (400 m). Løypa går herifrå på austsida av vatnet og fylgjer slakt oppover fjellet mot Steinegga sitt høgste punkt (1097 moh) lengst nord (2,2 km). Det er også vanleg å gå vidare til toppen av Sandegga (1256 moh), men ein skrår da oppover mot toppen (1,6 km) lenger ned i fjellsida enn der ein går om sommaren. Det vert ikkje køyrt skispor til toppen av Sandegga og på toppen må man vere varsam å ikkje ferdast aust og nord for skiltet i og med at der ofte er overhengande skavl og stup.

